

Referat frå styremøte i V.I.L

Tid: tysdag 20.03.2012 kl 19.30-22.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Einar Hoel, Ellisiv Valdal Jarvik, Karianne Vestre Døving, Inge Sunde, Kristi L. Stakkestad, Liv Marit Indreeide, Heidi Hoel, Torkjell Bjørstad.

Forfall: Lars Bjarne Sandnes, Yvonne Dale, Arvid Frostad, Magne Eivind Glomnes.

Sak 1: Orientering frå gruppene

Fotball v/ Ellisiv V. Jarvik: Har meldt på ti lag til serien og kampane startar ca. 20 april. Sparekorta er no selde. Annonseprisen i programheftet er oppjustert, og er no lik prisane til langrennsgruppa. Valnemnda er ferdig med arbeidet sitt.

Langrenn v/ Kristi L. Stakkestad: Det er trening og skikafe fram til påske. Avslutningsrennet (skirenn nr. 5) blir helde på søndag 25/3. VM skal vere Palmesøndag, men det er ikkje klart kvar det blir pga usikre snøforhold. Langrennsgruppa har brukt spelemidlar til å kjøpe rulleski.

Friidrett v/ Heidi Hoel: Friidrettsgruppa har bestemt seg for å kutte ut Grendastafetten. Jordbærdilten er den største inntektskjelda.

Trim v/ Liv Marit Indreeide: Det er bestemt at sykkeltrimmen blir 1. mai. Valnemnda er ferdig med sitt arbeid.

Div v/ Einar Hoel: Har sendt brev med uttale om behov for fleirbrukshus (hall) til kommunen. Idrettslaget skal også kome med ein positiv uttale til Storfjordhelsesenter og treningssenteret der. Treningssenteret kan vere eit supplement til idrettslaget sine aktivitetar.

Har også fått tak i tidtakarbrikker.

Sak 2: Kjøp av grasklippar (fotballgruppa)

Fotballgruppa har bestemt seg for å kjøpe ein Toro Titan grasklippar hos Valldal Bilsenter. Prisen er 67.000,-. Finansieringa blir slik: Sparebanken Møre: 40.000 kr, Fotballgruppa 13.250 kr og Hovudstyret: 13.250 kr.

Vedtak: Hovudstyret medfinansierer grasklipparen med kr 13.250.

Sak 3: Sommararrangement 2012

Det har no kome tilbakemelding frå gruppene om kven som går inn som leiar i dei ulike komiteane for Olsokarrangementet. Idrettslaget har også blitt tildelt Norgescup i motbakkeløp for 2012, og det er naturleg å sjå desse to arrangementa i samanheng (Olsok og Motbakkeløp).

OLSOKKOMITÉAR 2012

Leiar av Hovudkomité: Einar Hoel

Programkomité:

Leiar Gro Marita S. Valdal

Håkon Myklebust

Dagrun Vikesland

Per Ove Ødegård

Kristi L. Stakkestad

Hillevi Hovden Huss

Sportskomité:

Leiar Magne Eivind Glomnes

Harald Gjedrem

Margareth L. Bjerke

Lars Petter Hauge

Petter Lingaas

Per Jomar Nerli

Karianne Vestre Døving

Geir Myklebust

Anne Kristin Hoel

Stemneområdekomité:

Leiar Kjell Vad

Alf Hoel

Yngve Hovden

Dag Snorre Grønningsæter

Nils Petter Ringseth

Terje Nerhus

Jostein Gjerde

Cato Heggen

Jan Fredrik Øvrevoll

Øyvind Hoel

Peter Melchior

Matkomité:

Leiar Monica Rødven

Ellisiv V. Jarvik

Magne Hoel

Anne Lene Hjelle

Bente Osvik

Terese J. Moen

Bergljot G. Gjerde

Heidi Hoel

Ivar Normann Heggen

Økonomi-/lotterikomité:

Leiar Steinar Grønningsæter

Olav Løvoll

Lisbeth Torvik

Jarle Hauge

Bente Skarbø

Kåre Erstad

Anna Marie Sunde

Inge Sunde

Lars Bjarne Sandnes

Marknadsføringskomité:

Leiar Torgeir Sunde

Kenneth Hovden

Linda Lødøen

Sak 4: Marknaden

Marknaden blir 14. april kl 15 på Samfunnshuset. Peder Stakkestad er leiar for marknaden.

Styret har ansvar for underhaldning og finne programleiar.

Underhaldning: Fotballgruppa viser fram dei nye draktene sine, og takkar for dei. Nok med eitt lag til å gjere det. Det blir premieutdeling for langrenn. Song innslag ved gruppa Unnamed (kanskje).

Programleiar: Forslag på Nils Jarle Hjelme eller Olav Løvoll.

Sak 5: Mobilretur

Skal foregå i perioden mars til 6. mai. Korleis skal dette organiserast? Ein må gå rundt på dørene å samle inn, men det er viktig at folk veit om det på førehand. Det kom forslag på å setje inn annonse i SN på førehand eller eventuelt sende ut flygeblad. Det må bestemast ein nærmare dato. Det kan også takast inn mobilar på marknaden.

Sak 6: Hjartestartar

Idrettslaget har blitt tildelt ein hjartestartar frå Sparebanken Møre. Det skal haldast eit opplæringsmøte der gruppene er representert. Forslag på kontaktperson for hjartestartaren: Bente Larsen Håvoll.

Sak 7: Årsmøte

Årsmøta må leggjast i veka 16.- 20. april.

Fotball: 16. april

Langrenn 18. april

Trim 19. april

Årsmøte (laget) 23. april

Det må haldast eit styremøte før Årsmøtet.

Sak 8: Lov for Valldal I.L

Idrettstinget har vedteke ny lovnorm for idrettslag. Idrettslaget vårt er pålagt å følgje det. Det har blitt laga lokale tilpasningar. Framlegget til ny lov for V.I.L ligg ved.

Sak 9: Organisering av V.I.L

Lova dannar mykje av utgangspunktet for organiseringa av V.I.L. Det skal vere gruppestyre og tre personar. Det er muleg å vere fleire også. Styret bestemmer det, og det blir lagt fram på Årsmøtet.

Sak 10: Kunstgrasbane

Årsmøtet må bestemme kva som skal skje vidare med denne saka. Styret må ha ei innstilling til Årsmøtet. Det er to val:

- 1) Skal det realiserast?
- 2) Kvar skal bana vere? På grusbana eller grasbana?

Eventuelt

Reklameskilt: Einar har laga ein mal som kan brukast. Det må vere ein person som tek seg av det. Forslag: Anders Rem. Må spørje både små og store bedrifter.